



# Møre og Romsdal fylkeskommune

FYLKESORDFØRAREN

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
02 12351 - 117	
DATO 31 MARS 2003	
AN 501 Vassdr. l	EKSP.

Dykkar ref.:  
02/2296

Vår ref.:  
3843/02-340 LEK

Molde, 26.03.2003

## ENDRINGAR I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG VASSDRAGSREGULERINGSLOVA - HØYRING

På møte 24. mars 2003 gjorde fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune slikt vedtak i sak U-25/03 A:

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal meiner at utbygginga av vasskraftressursane er fellesskapsverdiar som er bygt opp over lang tid og må behaldast på lokale og nasjonale hender. Etter fylkesutvalets syn er difor høyringsdokumentet mangelfullt og går i feil retning. Fylkesutvalet er sterkt kritisk til dette.
2. Fylkesutvalet meiner uansett at vasskraftressursane er ei så viktig nasjonal interesse at ein må oppretthalde heimfallsprinsippet for eigeomsrett til større vassfall og reguleringsanlegg.
3. Fylkesutvalet går i mot lovframlegget om at alle kraftanlegg med offentleg eigarskap får omgjort konsesjonstidsramma til 75 år, og med tilhøyrande vederlagsfritt heimfall til staten for dei offentleg eigde andelane.
4. Dersom det blir nedsett eit offentleg utval for vidare utgreiing, vil fylkesutvalet rå til at Kommunenes Sentralforbund og Samarbeidende kraftfylker blir representert i dette.
5. Fylkesutvalet føreset at alle interessentar blir gitt høve til ny høyring når eit breiare vurderingsgrunnlag frå det offentlege utvalet ligg føre.

  
Ole Eimund Overland

  
Joralf Flataukan

Vedlegg: Saksutgreiing i sak U-25/03 A

## ENDRINGAR I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG VASSDRAGSREGULERINGSLOVA – HØYRING

Svein Roseth foreslo på vegner av Kristeleg Folkeparti å bytte ut ordet bør i 1. avsnitt i tilrådinga med må.

Tilrådinga med Roseths endringsforslag vart samrøystes vedteken.

### Samrøystes fråsegn:

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal meiner at utbygginga av vasskraftressursane er fellesskapsverdiar som er bygt opp over lang tid og må behaldast på lokale og nasjonale hender. Etter fylkesutvalets syn er difor høyringsdokumentet mangelfullt og går i feil retning. Fylkesutvalet er sterkt kritisk til dette.
2. Fylkesutvalet meiner uansett at vasskraftressursane er ei så viktig nasjonal interesse at ein må oppretthalde heimfallsprinsippet for eigedomsrett til større vassfall og reguleringsanlegg.
3. Fylkesutvalet går i mot lovframlegget om at alle kraftanlegg med offentleg eigarskap får omgjort konsesjonstidsramma til 75 år, og med tilhøyrande vederlagsfritt heimfall til staten for dei offentleg eigde andelane.
4. Dersom det blir nedsett eit offentleg utval for vidare utgreiing, vil fylkesutvalet rå til at Kommunenes Sentralforbund og Samarbeidende kraftfylker blir representert i dette.
5. Fylkesutvalet føreset at alle interessentar blir gitt høve til ny høyring når eit breiare vurderingsgrunnlag frå det offentlege utvalet ligg føre.



**SAKSFRAMLEGG**

Fylkesrådmannen

Vår ref.:  
3843/02-340 LEK

Molde, 12.03.03

Til fylkesutvalet

U - 25/03 A

**ENDRINGAR I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG  
VASSDRAGSREGULERINGSLOVA - HØYRING.**

./ Vedlagt følgjer framlegg frå nærings- og miljøsjefen til nærings- og miljøutvalet i sak NM-19/03 A.

Nærings- og miljøutvalet hadde saka føre i møte 11.03.03, og følgjande vart tilført møteboka:

"Framsett forslag frå Ole Johan Vidhammer:

Nytt punkt 4:

Dersom det vert nedsett eit offentleg utval for vidare utgreiing, vil fylkesutvalet rå til at Kommunenes Sentralforbund og Samarbeidende kraftfylker vert representert i dette.

Framsett forslag frå Svein Atle Roseth:

Nytt punkt 1:

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal meiner at utbygginga av vasskraftressursane er fellesskapsverdiar som er bygd opp over lang tid og bør behaldast på lokale og nasjonale hender. Etter fylkesutvalets syn er difor høyringsdokumentet mangelfullt

og går i feil retning. Fylkesutvalet er sterkt kritisk til dette.

Ved avrøysting vart forslag frå Svein Atle Roseth til nytt punkt 1 samrøystes vedteke.

Punkt 2 og 3 i tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Forslag frå Ole Johan Vidhammer til nytt punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Punkt 5 i tilrådinga vart samrøystes vedteke."

Fylkesrådmannen legg saka fram for fylkesutvalet med tilråding om å vedta slik

fråsegn:

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal meiner at utbygginga av vasskraftressursane er fellesskapsverdiar som er bygd opp over lang tid og bør behaldast på lokale og nasjonale hender. Etter fylkesutvalets syn er difor høyringsdokumentet mangelfullt og går i

- feil retning. Fylkesutvalet er sterkt kritisk til dette.
2. Fylkesutvalet meiner uansett at vasskraftressursane er ei så viktig nasjonal interesse at ein må oppretthalde heimfallsprinsippet for eigedomsrett til større vassfall og reguleringsanlegg.
  3. Fylkesutvalet går i mot lovframlegget om at alle kraftanlegg med offentleg eigarskap får omgjort konsesjonstidsramma til 75 år, og med tilhøyrande vederlagsfritt heimfall til staten for dei offentleg eigde andelane.
  4. Dersom det vert nedsett eit offentleg utval for vidare utgreiing, vil fylkesutvalet rå til at Kommunenes Sentralforbund og Samarbeidende kraftfylker vert representert i dette.
  5. Fylkesutvalet føreset at rørte interessentar blir gitt høve til ny høyring når eit breiare vurderingsgrunnlag frå det offentlege utvalet ligg føre.

Ottar Brage Guttelvik

Joralf Flataukan

**SAKSFRAMLEGG**

Nærings- og miljøavdelinga

Vår ref.:  
3843/02-340 LEK  
g:\lek\m-saker\Heimfallsretten. Høyring

Molde, 26.02.2003

**Til nærings- og miljøutvalet**

NM - 19/03 A

**ENDRINGAR I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG  
VASSDRAGSREGULERINGSLOVA. HØYRING.****Samandrag**

Olje- og energidepartementet har sendt ut høyringsak med forslag til endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova.

Saka gjeld den framtidige forvaltinga av den norske vasskraftformua, og fordelinga av verdiane mellom offentlege og private aktørar, og mellom norske og utanlandske interesser.

Endringsforslaga omfattar m.a. føresegner om tidsavgrensing av konsesjonar og heimfall, forkjøpsrett for henholdsvis staten, fylkeskommunar og kommunar, og føresegner om minstegrensa for konsesjonsplikt.

Forslaget inneber innføring av heimfall av alle offentleg eigde vassfall om 75 år, rekna frå den dato lovendinga blir vedtatt. Vidare at bedrifter som i dag er kontrollert av kommunar og fylkeskommunar vederlagsfritt må overføre sine produksjons- og reguleringsanlegg med vassfall til staten ved heimfall. Samla heimfall vil innebere ei overføring av eignelottar frå kommunar og fylkeskommunar til staten som i dag har ein økonomisk verdi på fleire hundre milliardar kr. Saka grip derfor rett inn i forholdet mellom stat og kommunar.

I saka blir det peika på at det er viktig at heimfallsinstituttet blir oppretthalde, men at framlegget frå OED med fast heimfall etter 75 år inneber eit uheldig salspress for offentlege aktørar. Ut frå det materiale som ligg føre kan vi ikkje rå til overgang frå tidsuavgrensa til tidsavgensa konsesjonar for alle offentleg eigde kraftverk. Vidare vil vi gå imot forslaget om vederlagsfritt heimfall for alle offentleg eigde kraftverk.

Vi rår vidare i frå gjennomføring av lovendingar på dette tidspunkt, før saka er nærare utgreidd gjennom det offentlege utvalet som no blir nedsett.

**1. Bakgrunn**

Olje- og energidepartementet (OED) har sendt ut høyringssak om forslag til endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova, begge av 14.12.1917.

EFTA Surveillance Authority (ESA) hevdar at gjeldande konsesjonsreglar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova, med ulike reglar for konsesjonstid og heimfall for offentlege og private aktørar, er i strid med EØS-reglane. OED meiner at konsesjonsreglar som gjeld eigedomsrett og ressursforvaltning ikkje kjem inn under EØS-avtalen. Regjeringa valte likevel i 2001 å nedsette ei

interdepartemental gruppe for å vurdere ulike sider ved ordninga med heimfall av privateigde kraftanlegg til staten, i forhold til ressursbruk og konkurranse i kraftsektoren, langsiktig handlefridom og omsyn til offentlege inntekter. Denne gruppas arbeid danner grunnlaget for departementets høyringsframlegg.

Heile dokumentet er å finne på [www.oed.dep.no](http://www.oed.dep.no).

Høyringsfristen vart først sett til 28.2.03 men pga. massive protestar på for kort frist i denne viktige saka er den utsett til 31.3.03.

## 2. Gjeldande lovverk

Ved utbygging av vasskraft er det mange lovverk å forhalde seg til:

- Ein må ha konsesjon for å erverve eigedomsrett eller bruksrett til vassfall over ei viss storleik. (Industrikonsesjon = ervervs-konsesjon).
- Ein må ha konsesjon for å regulere eit vassdrag med damanlegg og overføring av vatn (Vassdragsreguleringskonsesjon).
- Ein må ha konsesjon for å byggje, eige og drive anlegg for produksjon og overføring av energi over ein viss storleik (Energilova).
- For mindre kraftverk utan vassdragsreguleringar er det konsesjonsplikt for bruk av vatn frå eit vassdrag, dersom det er trong for å setje vilkår for å ta i vare ålmenta sine interesser (Vassressurslova).

Etter dagens lov inneber heimfall at vassfallet med kraftverk blir overført staten vederlagsfritt ved utløp av konsesjonsperioden. Eit kjernepunkt i dagens ordning er at konsesjon til offentlege selskap (med meir enn 2/3 offentleg eigarskap) kan gjevast på ubegrensa tid (ikkje heimfall), medan konsesjon til private selskap blir gitt i inntil 60 år. Ved konsesjonstidas slutt skal både

vassfallet, kraftstasjonen og reguleringsanlegg mv. tilfalle staten (vassdragsreguleringslova § 10 og industrikonsesjonslova § 2). Det er sett krav til at anlegga skal leverast i "fullt ut driftsmessig stand" ved heimfallet.

Før innføringa av energilova i 1991 hadde dei offentlege kraftselskapa gjennom oppdekkingsplikta ei særskilt samfunnsoppgåve i å skaffe innbyggjarane sine energi. Særreglane for offentleg eigde kraftselskap om tidsavgrensa konsesjonar og høve til forkjøpsrett/fortrinnsrett vart sett i samanhang med denne plikta, men reglane vart ikkje endra då energilova fritok dei offentleg eigde kraftselskapa for oppdekkingsplikta.

## 3. Lovframlegget

### Konsesjonar utan tidsgrense blir omgjort til tidsavgrensa konsesjonar med heimfall

Framlegget inneber at alle konsesjonar for kraftanlegg som i dag er gjeve utan tidsavgrensing, blir endra til konsesjonstid på 75 år frå endringa av lova blir vedteken. Samtidig blir det innført vilkår om heimfall til staten ved utløp av konsesjonstida. Heimfallet er til staten som sådann, og ikkje til statsføretaket Statkraft. Også Statkraft sine anlegg vil falle inn under ordninga med heimfall. Kva staten gjer med anlegga etter heimfall er ikkje fastslått, men utleige, sal eller nedlegging kan vere mogelege alternativ. Grunngeving for å innføre generelt heimfall framfor å oppheve heimfallsreglane er eit ønskje om å gje styresmaktene eit langsiktig handlingsrom med omsyn til ressursforvaltning, eigarskap og offentlege inntekter.

### Heving av minstegrense for konsesjonsplikt

For å tilretteleggje for auka utbygging av småkraftverk, legg departementet fram forslag om å heve konsesjonsgrensa i industrikonsesjonslova §1 frå 1000 naturhestekrefter til 4000 naturhestekrefter. Dette svarer omlag til kraftanlegg med 5MW installert effekt. Dersom anlegga kan

vere til skade eller ulempe for ålmenne interesser vil dei framleis vere konsesjonspliktige etter vassressurslova. NVE er delegert ansvar for å tildele konsesjonar etter vassressurslova for utbyggingar med installert effekt opp til 5MW.

#### Oppheving av forkjepsrett/fortrinnsrett for stat, fylkeskommune og kommune

OED meiner det ikkje lenger er grunnlag for å oppretthalde forkjepsrett/fortrinnsrett for stat, fylkeskommune eller kommune for erverv av eigedomsrett/bruksrett for vatnfall etter at marknadsbasert kraftomsetning vart innført og oppdekkingsplikta for offentlege kraftselskap vart avvikla. I lovframlegget ønskjer departementet å stryke følgjande paragrafer i industrikonsesjonslova: §6 om statens rett til forkjøp innan eit år, §9 med fylkeskommunen sin subsidiære rett til forkjøp inntil 3 månader etter at det er klart at staten ikkje vil nytte sin rett. Vidare vil dei stryke § 10 der stat dernest fylkeskommune har fortrinnsrett til å tre inn som part i bruksleigekontraktar, der også kommunen også blir tildelt fortrinnsrett dersom korkje stat eller fylkeskommune nytter sin rett.

#### Endring i reglane om vertskommunane sin rett til inntil 1/3 av verdien til heimfalne anlegg

I dag er det reglar der vertskommunane skal tildelast inntil 1/3 av verdien av heimfalle anlegg. Det er Stortinget som avgjer verdien og fordelinga mellom kommunane. I dag står desse anlegga for omlag 8 TWh av den norske kraftproduksjonen. Med lovendringsforslaget vil kraftanlegg med produksjon på omlag 110 TWh heimfalle etter 75 år, og departementet meiner at urimelige store verdier vil heimfalle til enkeltkommunar, ofte med lågt innbyggjartal. Ein legg opp til ein fordelingsnøkkel der kommuneandelen vert sett til 33% for dei første 250 GWh, 10% for dei neste 500 GWh og 0,5% utover 1000 GWh. Som

resultat av dette vil 10-15% av heimfalle verdier tilfalle vertskommunane.

### **3.1. Vurderte alternativ for heimfall**

Høyringsdokumentet går også kort gjennom nokre andre alternativ:

#### Avvikling av heimfallsordninga

Avvikling av heimfallsordninga og innføring av evigvarande konsesjon er det alternativet som skil seg mest frå lovendringsframlegget. Alternativet inneber at det offentlege for alltid gjev avkall på råderetten over vasskraftressursane. Omsynet til fellesskapet sine interesser må takast vare på gjennom reguleringsverkemidlar og skattar/avgifter.

#### Tidsavgrensa konsesjonar utan heimfall

I dette alternativet vert det gjeve tidsavgrensa konsesjonar, utan heimfall til staten. Ved utløp av konsesjon kan staten velje å gje ny konsesjon og revidere konsesjonsvilkåra, alternativt ikkje gje ny konsesjon. Modellen gjev mindre høve for offentlig styring, og mindre inntekter til fellesskapet. Sistnemnte kan ein bøte på ved å krevje økonomisk vederlag for fornying av konsesjonane, men alternativet liknar då meir på lovendringsforslaget.

#### Heimfall av ressurs, men ikkje anlegg

Grunntanken bak dette alternativet er at det er vassfallet/ressursen som vert omfatta av heimfallet, medan anlegga framleis skal eigast av konsesjonær. Staten kan her ved heimfall vedta at ein ikkje skal gje ny konsesjon, alternativt leige ut fallrettane til konsesjonær (kraftverkseigar). Den nære koplinga mellom vassfall og anlegga, til dømes som at desse opptrer som ei eining juridisk og økonomisk i dagens lovgjeving, inneber eit krevjande samarbeid mellom stat og konsesjonær. Alternativet vert slik meir komplisert enn lovendringsforslaget.

#### Kommunalt eigarskap av ressursane

Då ein stor del av dei offentlege kraftverka i dag har kommunale/fylkeskommunale

eigarar har ein vurdert eit alternativ der eigarskapet til vassfallet vert tilbakeført til eigarkommunane. Naturressursen vert i dette høvet offentleg eigedom og under offentleg styring. Som i alternativet med ressursheimfall vil ein her ha skilt eigarskap for ressurs og anlegg med dei utfordringar det inneber. I tillegg vil talet på aktørar på eigarsida kunne bli vesentleg med tilhøyrande komplisert avgjerdsstruktur og organisasjonsstruktur.

#### Innføring av heimfallsopsjon

Om staten i dag ikkje har trong for å iverksetje heimfall, kan ein som eit alternativ innføre ein rett for staten på eit seinare tidspunkt å kunne innføre heimfall. Prisfastsetting av kraftanlegg vil då vere avhenging i kva grad ein meiner det er truleg at staten kjem til å nytte denne opsjonen.

Etter vurdering av desse alternativa har departementet valt å rå til at ein oppretthaldar heimfallsordninga og gjere ordninga eigarnøytral.

### **3.2 Tidspunkt for heimfall**

Innføring av eigarskapsnøytralt heimfall kan skje på ulike måtar. I underlaget for lovframlegget er to alternativ vurdert:

#### Heimfall av alle anlegg på same tid

Alternativet som blir fremja som lovendring legg opp til at alle anlegg som i dag har konsesjon utan tidsgrænse, får innført heimfall på same tid i 2079 (2004+75år). I opprinneleg framlegg vart tid fram til heimfall sett til 60 år, noko ein rekna med ville føre til ein verdireduksjon på 2-3 % for eigarane. For å kompensere for dette verditapet er tid fram til heimfall utvida til totalt 75 år. For at ikkje anlegga skal forfalle dei siste 10-15 åra før heimfall vert det sett vilkår om at anlegga skal vere i driftsteknisk stand, der departementet har heimel til å krevje at utbetringar vert gjort. Vidare kan ein ha føregripen heimfall med tilbakesal/tilbakeleige til konsesjonæren for ein periode (50 år) når det står att

mindre enn 25 år til heimfall. Også avskrivingsreglar som sikrar at alle delar av anlegget er nedskrive ved heimfall skal medverke til at konsesjonær gjennomfører utbetringar/investeringar i anlegga.

Argument for denne løysinga er at den er ryddig å handtere. Motargument er at ein gjev alle offentlege eigarar insentiv om å selje snøggast råd, av di ein ventar at kjøparinteresse vil falle dess nærare ein kjem heimfallstidspunktet. Ein fryktar at svært mange kraftverk og vassfall vil få utanlandske eigarar innan få år av di det truleg ikkje er nok norsk kapital til oppkjøp i eit stort omfang. Vidare vil det vere uheldig at alle får heimfall på same tid. Dersom staten vel å selje/leige ut anlegga vil det også på dette tidspunkt mest truleg vere utanlandske eigarar som kan framskaffe nok kapital for oppkjøp i eit stort omfang.

#### Innføring av heimfallsinstitutt ved transaksjonar

Eit alternativ til heimfall for alle anlegg på same tid, er at heimfallsordninga vert gjort gjeldande ved transaksjonar. Dette inneber at konsesjonærar som i dag har evigvarande konsesjon også i framtida vil ha evigvarande konsesjon dersom dei held fram som eigarar. Det er først ved transaksjon av ein viss del av eigardelane (fastsett terskel, t.d. 1/3) at anlegget og vassfallet får konsesjonsvilkår med heimfall.

Dette alternativet har mindre inngripen overfor noverande eigarar av offentlege selskap, og oppmuntrar til framhald i offentleg eigarskap for store delar av kraftsektoren. Motargument er at ein konservering av eigarstrukturen kan vere uheldig for effektivisering av sektoren. Vidare krevst det eit omfattande regelverk og kontrollsystem for å halde greie på når ein passerer terskelnivået for innføring av heimfallsreglane, då kraftselskap eig andelar i kvarande sine selskap og kvart selskap kan ha mange eigarar.



### 3.3 Kompensasjonar for tapt verdi som følgje av lovendring

Etter Grunnlova §97 er det forbod mot å gje lover tilbakeverkande kraft, og i §105 er det krav om at ein skal betale full erstatning ved eigedomsavståing. Lovavdelinga i justisdepartementet har gjennomgått lovframlegget og vurdert om ein etter Grunnlova må yte erstatning for eventuelle økonomiske tap som følgje av lovendringa.

#### Gjev heimfall rett til erstatning?

Fallrettar har lenge vore omsett både av private og det offentlege, på same vis som andre rettar innan fast eigedom. Men då privat eigedomsrett ikkje gjev rett til regulering av vassdrag, har Justisdepartementet vurdert om konsesjonar til regulering er eit tilhøve som har vern under §105, eller om heimfall ikkje inneber avståing av rettar då reguleringsretten ligg til staten.

På dette spørsmål har Justisdepartementet kome til at anlegg og rettar kjøpt eller bygd av kapital frå konsesjonærene, vil ved innføring av heimfall i ettertid ha rett til erstatning etter §105.

#### Kva aktørar har vern etter §105 og §97?

Det er klårt at privatpersonar og private føretak har rett på erstatning. Private mindretalseigarar vil etter lovframlegget få utbetalt ei erstatning ved innføring av lovendringa. Meir uvisse er det om offentlege aktørar har same rettar etter Grunnlova.

Det er ålmenn oppfatning at Grunnlova §105 ikkje utløysar erstatningsplikt når statleg eigedom vert avstått til anna statleg eining, og følgjeleg vil ikkje statsføretaket Statkraft ha rett til erstatning.

Det er meir omstridt om kommunar og fylkeskommunar generelt har eit vern etter §105. Kommunane er på eit vis ein reiskap for å utføre dei oppgåvene som staten

definerer som offentlege gjennom lovgjevinga. Det er ikkje grunnlovsfesta prinsipp om kommunalt sjølvstyre, og staten kan ved lovendring leggje ned kommunane og få overført deira eigedommar utan at det utløysar rett til erstatning for nokon. Justisdepartementet meiner det ikkje er klårt om kommunane har eit generelt vern etter §97 og §105. Dei vurderar at kommunar og fylkeskommunar ikkje har rett til erstatning. Dette er basert på argument som at endringa inneber fjerning av ei særordning der grunnlaget for særordninga er falt bort, generelt svakare vern for kommunane enn for private etter §105, og svært avdempa verknader sidan tiltaket skjer langt fram i tid.

### 4. Innspel frå Kommunenes Sentralforbund (KS) og Samarbeidande Kraftfylke (SKF).

Lovendringsframlegget blir debattert både i KS, SKF og i andre organisasjonar. KS er kritisk til at gjennomgåing av lovverket berre er gjort i departementa, og at dei endringane som ikkje er naudsynte for å tilfredsstille ESA sine merknader ikkje bør vedtakast på noverande tidspunkt. Dei meiner det er viktig å oppretthalde heimfallsinstituttet, men foreslår transaksjonsmodellen som alternativ. Dei viser til tilsvarende fungerande regelverk innanfor andre konsesjonsområde (media, finans, fiskeri). Dei peikar på at det ikkje bør vere slik at dei beste samfunnsmessige løysingane ikkje skal kunne veljast berre fordi det er andre alternativ som regelteknisk er lettare å innføre. For dei andre revisjonspunkta rår KS til at ein gjennomfører ei lovendringsprosess med brei offentleg deltaking.

Politisk styringsgruppe i SKF, der Møre og Romsdal fylkeskommune er representert, har hatt møte der heimfallssaka har vore debattert. Nokre fylkeskommunar har store eigarinterresser i kraftselskap, andre ikkje i det heile. I kraftfylkesamarbeidet har ein valt at i denne saka skal ein

fokusere på fylkeskommunen som kraftverkseigar. So langt rår politisk styringsgruppe til å avvise lovframleggjet og krevje saka utsett til saka er gjennomgått i eit breitt samansett lovutval. Kraftfylkesekretariatet har i eit seinare notat av 07.02.03 sett nærare på saka og konkluderar med at høyringsdokumentet ikkje gjer grunnlag nok til å forholde seg til ei så stor og viktig sak. SKF går imot overgang til tidsavgrensa konsesjonar for alle offentleg eigde kraftverk og vederlagsfritt heimfall. SFK ber vidare om at det må nedsetjast eit offentleg utval for å utgreie saka i ein breiare samanheng.

### 5. Offentleg utval

I ei pressemelding 10.02.02 opplyser olje- og energiministeren at det no vil bli sett ned eit offentlig utval som skal vurdere heimfallsinstituttet. "Bakgrunnen for dette er at forslaget har ført til betydeleg debatt, og synspunkta er sterkt sprikande. På bakgrunn av den sterke henstillinga frå høyringsinstansene, og moglegheiten for å kunne belyse ulike synspunkt på ein eigna måte, er det derfor avgjort å setje ned eit slikt utval. I hovudtrekk vil utvalets mandat vere å vurdere dei ulike sidene knytt til heimfallsinstituttet. Viktige moment vil vere omsynet til langsiktig nasjonal styring og kontroll med vasskraftressursane, verdiskaping og ressursbruk i kraftsektoren. Den pågående høyringsrunden skal likevel gjennomførast som føreset. Høyringsfråsegnene vil kunne gje det offentlege utvalet eit verdfullt grunnlag for det vidare arbeidet."

### 6. Vurdering

#### 6.1 Møre og Romsdal fylkeskommune sitt engasjement i elforsyninga.

Energilova av 1991 medførte ei rekkje endringar i fylkeskommunen si rolle i elforsyninga. Den nye lova gir ikkje fylkeskommunane særlege oppgåver og dermed heller ikkje forvaltningsmessige verkemiddel. Imidlertid har fylkeskommunen ei generell rolle som regionalpolitisk utviklingsorgan og

fylkesplanstyremakt som legitimerer engasjement også innan denne sektoren. Fylkeskommunen hadde tidlegare store eigarinteresser i fleire kraftselskap i fylket, som var historisk betinga. Dei siste åra har fylkeskommunen selt ut storparten av desse og sit no kun att med ein 25% eigarandel i Svorka Energi AS.

Ut frå tidlegare politiske vedtak (m.a. T-65/98A) har fylkeskommunen gjort følgjande prinsipielle om avklaringar om si rolle i energiforsyninga:

- "Fylkeskommunen ser på eigarskapet i energiforsyninga som eit strategisk verkemiddel der hovudmålet er å påverke organiseringa av energiselskapa og då særleg nettverksemda."
- "Fylkeskommunen ønskjer at kommunar, fylkeskommunar og kommunalt eigde selskap skal eige energiselskapa med minst 66 2/3 eigardel for å unngå at selskap med produksjonsrettar vert råka av staten sin heimfallsrett (utan vederlag)."

#### 6.2 Heimfall og offentlig eigarskap

Samarbeidande kraftfylke har ikkje kome med konkret tilråding av heimfallsmodell på dette tidspunkt, men avviser lovendringsframlegget og ber om å få utsett heile saka til ein ny og breiare lovutgreiingsprosess er gjennomført.

Sjølv om det no er avgjort at det skal nedsetjast eit utval som skal sjå nærare på saka, skal høyringsrunden likevel gjennomførast. Det er derfor viktig at ein alt no signaliserer kva ein meiner om denne saka, slik at ein kan vere med å påverke den vidare prosessen.

Med erfaring frå den tilspissa energisituasjonen i Norge i dag er det viktig at ein ikkje gjev slipp på råderetten over vassfall og kraftanlegg for alltid. Vi

meiner derfor heimfallsordninga må halde fram.

Det er vidare viktig at ein vesentleg del av kraftselskapa i Norge også i framtida skal vere under offentleg styring. Det er derfor ikkje ønskjeleg med endringar i lovverket som framtvningar sal hos dei offentlege aktørane, særleg ikkje om resultatet kan bli at store delar av kraftforsyninga kjem på utanlandske hender. Sjølv om også dei offentlege kraftselskapa i dag for det meste driv etter bedriftsøkonomiske prioriteringar, har eit styre med politikarar eit større press for å høyre på samfunnsargument enn dersom aksjekurs og aksjevinst er einaste retningsgjevjar for dei val selskapa gjer.

Av dei alternativ som til no er utgreidd vil vi stø oss på KS sitt råd om at heimfall innført etter transaksjonsalternativet vil vere det beste for kommunane. Vi vil likevel ikkje gå inn for eit bestemt alternativ før saka er betre utgreidd.

Når det gjeld dei andre lovendringsforslaga, enn sjølve heimfallsinstituttet, er ikkje desse naudsynt for å tilfredstille ESA sine merknader. Forslag om erstatning etter lovendring, ny fordelingsnøkkel for tildeling av verdiar til kommunane etter heimfall, samt oppheving av forkjepsrett/fortrinnsrett for offentlege aktørar, er forslag som går i negativ favør for kommunar og fylkeskommunar.

### 6.3 Økonomiske konsekvensar

Kraftverdiane i Norge har i stor grad vorte skapt gjennom lokal dugnad. At staten no vil ta over verdiar som er basert på lokale ressursar og skapt gjennom lokal arbeidsinnsats, verkar historielaut og er i debatten også kalla umoralsk. Etter lovforslaget vil eigedomsretten, kapitalen og styringa blir overført til staten utan kompensasjon. Då Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje lenger har særlege eigarinteresser i kraftselskap vil lovframlegget neppe føre til store

økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen, men framlegget vil ha mykje å seie for dei kommunar og fylkeskommunar som sit på store eigarposter i energiselskap. Slik sett vil framlegget kunne få stor regionalpolitisk verknad. Lovforslaget medfører også at medan staten overtar selskapsaktiva, blir kommunane sitjande att med gjelda. Denne skal nedbetalast før eigedomsretten blir overført og får på den måten innverknad både på lånevilkår og det utbyte eigarane kan få. Vi meiner derfor ei eventuell endring i tilfelle må gjennomførast utan at selskapa sine verdiar blir redusert, ved at det blir gitt full kompensasjon for dei heimfalne anlegga. Fleire kraftselskap peikar på at dette i so fall bør vere marknadsværdien på heimfallstidspunktet.

### 6.4 Prosessen

Det er frå organisasjonane (m.a. KS, SKF og LVK (landssammenslutningen av vannkraftkommunar)) peika på ei rekkje alternativ til OEDs konkrete forslag til utforming av nye reglar om heimfall. OED har ikkje foretatt andre reelle utgreingar enn sitt eige. Det er heller ikkje utgreidd kva konsekvensar forslag til endringar i rammevilkåra for eigarskap til vasskraftressursar vil ha for kommunar og fylkeskommunars eigarroller innan kraftproduksjon, økonomiske tilhøve, kraftoppdekking eller andre viktige samfunnsinteresser.

Vi etterlyser derfor ein forsvarleg open lovendringsprosess med brei deltaking også utanfor departementskontora. Vi ser derfor positivt på at olje- og energiministeren no vil opprette eit offentleg utval som skal greie ut dei ulike sidene ved heimfallsinstituttet. Her bør etter vårt syn både KS og SKF delta. Ein slik prosess kan få fram verknader av tiltaket på eit vis som gjer høyringspartane betre i stand til å få omgrep om kva endringane inneber for dei konkret. T.d. omtaler ikkje lovframlegget og utgreinga dei økonomiske sidene ved saka i kroner

og øre, men berre i GWh og % av verdiane i kraftverka. Frå KS si side vert det opplyst at deira medlemmer kontrollerer energiverk som samla har ein marknadsverdi på mellom 165 og 200 milliardar kroner. Med slike tal er det klårt relevant at ein tydeleg får på plass kva økonomiske konsekvensar lovendinga vil medføre for dei ulike aktørane. Vidare er det viktig at alternative løysingar blir grundig vurdert.

Departementets høyringsbrev gir inntrykk av at ESA sitt initiativ er heilt marginalt i forhold til det lovendringsforslag som ligg føre. Av høyringsnotatet er det er likevel vanskeleg å sjå kva reelle konsekvensar EØS-avtalen har for konsesjonslovgjevinga og vi meiner det er på sin plass å få ein grundig gjennomgang av ESA sine synspunkt i det vidare arbeidet.

Fylkeskommunen har pr. dato ikkje mottatt nokon annan informasjon om det offentlege utvalet som skal nedsetjast enn den generelle pressemeldinga som er lagt ut på departementets nettsider. Det går her ikkje fram kva for moglegheiter det vil bli lagt opp til for innspel og høyringar av utvalets arbeid. Vi vil likevel anta at utvalets arbeid blir presentert som ein sluttrapport (NOU) og ein eventuell lovendingssak (Odelstingsproposisjon), og at rørte interessentar blir gitt høve til å kome med høyringsfråsegner til denne.

Ut frå det som er nemnt ovanfor rår vi nærings- og miljøutvalet om å be fylkesrådmannen leggje saka fram for fylkesutvalet med tilråding om å vedta slik

f r å s e g n :

1. Etter fylkesutvalets syn er høyringsdokumentet mangelfullt og gjev ikkje tilstrekkeleg grunnlag til å gjere ei forsvarleg vurdering i ei så viktig sak.

2. Fylkesutvalet meiner uansett at vasskraftressursane er ei så viktig nasjonal interesse at ein må oppretthalde heimfallsprinsippet for eigedomsrett til større vassfall og reguleringsanlegg.
3. Fylkesutvalet går i mot lovframlegget om at alle kraftanlegg med offentleg eigarskap får omgjort konsesjonstidsramma til 75 år, og med tilhøyrande vederlagsfritt heimfall til staten for dei offentleg eigde andelane.
4. Fylkesutvalet rår til at Kommunenes sentralforbund og Samarbeidande kraftfylke blir representert i det offentlege utvalet som skal nedsetjast for nærare å utgreie dei ulike sidene ved heimfallsinstituttet.
5. Fylkesutvalet føreset at rørte interessentar blir gitt høve til ny høyring når eit breiare vurderingsgrunnlag frå det offentlege utvalet ligg føre.

  
Joralf Flåtaukan

Saksbehandlar:  
Lars Kringstad